

FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 3

September 2025

Årgang 91 år



Foto-konkurranse til
Fusa-kalenderen
side 3



Biskop Jepsen kjem
på visitas
side 4-5



Nytt frå arbeidet med
brannskadde barn i Etiopia
side 14-15



Norunn trer av etter
19,5 års teneste
side 6-10



100-åringen Os Mannskor
held konsert
side 3

FUSA sokn

Fusa kyrkjekontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen
Tlf. 56 58 01 81
E-post: post.fusa@kyrkja.no

Kontortid

Mandag - fredag kl. 09.00-14.00
Prest og organist har fridag mandag.

Sokneprest

Anette-Emilie Gangstø 45 28 02 78

Assisterende kyrkjevevjer

Hans Einar Markhus 95 93 65 80

Trusoppplæring

Gry Jeanette Mjelde 93 49 62 26

Hildegunn Myrli Eide 97 65 01 55

Konsulent

Ingebjørg Sundfjord Gjørn 97 71 17 23

Kantor

Iman de Zwarte 95 03 93 33

Soknerådsleiar

Sigbjørn Sundfjord 97 65 00 93

Fusa frivilligsentral 56 58 01 14

Kyrkjetenarar

FUSA KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

SUNDEVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

Gåver til kyrkjelydsarbeidet
kan sendast Fusa sokneråd,
bankgiro: 3530 25 86215
eller VIPPS #90436

FUSA KYRKJEBLAD

Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

Ansvarleg utgjevar:

Fusa sokneråd

Konto for kyrkjebladet:

3530 25 86215

VIPPS #90436 legg til kategori:

Fusa kyrkjeblad

Bladpengar er kr. 250,- pr. år

Utanbygds kr. 350,- pr. år

Framsida:

Foto: Toril Hjørtåker Hauge. Foto av
biskop Jebsen: Jens Z. Meyer, Bjørgvin
bispedømekontor. Ill. om Os mannskor:
Os Mannskor si Facebook-side

REDAKSJONEN:

Hans Einar Markhus hm629@kyrkja.no
Toril Hjørtåker Hauge th298@kyrkja.no

«Vær barmhjertige»

Vær barmhjertige, slik deres Far er barmhjertig. Døm ikke ... Hvorfor ser du flisen i din brors øye, men bjelken i ditt eget øye legger du ikke merke til? Hvordan kan du si til din bror: 'Bror, la meg ta flisen ut av øyet ditt!' når du ikke ser bjelken i ditt eget øye? Din hykler! Ta først bjelken ut av ditt eget øye! Da vil du se klart nok til å ta flisen ut av øyet til din bror. Luk 6; 36-42

Da jeg var i begynnelsen av 20-årene, mistet min tante synet i en operasjon som ikke gikk som den skulle. Øye ble så ødelagt at det måtte erstattes med et glassøye. Tante som har en god porsjon med humor, tøyset en del med glassøyet overfor sine tantebarn, og jeg husker hun kunne finne på å si: «Nei, dette må jeg se nærmere på,» mens hun deretter tok seg til glassøye for å ta det ut å «se» litt nærmere på saken, hva nå enn det var. Vi lo mye, og det gjorde det litt lettere for oss å forholde oss til den nye situasjonen.

Øyne kan brukes til så mye. Vi gråter med dem, vi smiler med dem. Framfor alt er øynene til for å se med. Spørsmålet er bare om synet vårt er til å stole på. Om øynene er friske og rene nok til å se **sant** med. Dette er et spørsmål Jesus var opptatt av, og fortsatt er opptatt av. Han sier at den største hindringen for å se omverdenen med et sant blikk, er at vi ikke er stand til å se oss selv sant.

Og det gjør han med et overdrevent bilde når han sier: «*Din hykler! Ta først bjelken ut av ditt eget øye! Da vil du se klart nok til å ta flisen ut av øyet til din bror.*»

Da jeg var barn, fikk jeg en flis i øyet – og det var først ubehagelig, jeg dro på turntreningen og håpte det gikk over, men smerten økte og øyet ble rødt. Verken mamma eller pappa fikk den ut. Det var umulig. Her trengtes annen hjelp!

Takk Gud for leger og hjelpemidler som med bedøvelse og pinsett fjerner smerteskapende fliser fra redde småjenter.

Så kan vi jo da lure på hvordan det er å ha en bjelke i øyet, en diger bærekonstruksjon i et hus. Du kan jo se for deg bjelkene i en av kirkene våre i øyet ditt. Ingen med en bjelke i øyet vil bry seg særlig om andres småfliser. Allikevel dømmer vi vår neste ...

Når Jesus gikk her på jorda, kritiserte han dømmende atferd og holdninger både i formaning og praksis – og da i møte med de lovkyndige og fariseerne som hevet seg over andre. Dette likte ikke Jesus. Selv demonstrerer Jesus en raushet og åpenhet som sto i skarp kontrast til de rådende etiske idealer.

En velkjent fortelling om Jesus er når en kvinne gripes på fersk gjerning i hor. Fariseere og skriftlærde vil sette Jesus fast, og sier at hun skal steines etter loven, altså en dødsdom, og står klar til å kaste sine steiner på henne. Her demonstrer Jesus en raushet som slår dypt i hjertene, for Jesus sier til dem: «Den av dere som er uten synd, kan kaste den første steinen.» De går bort, en etter en, de eldste først ... Sannheten lyses opp i deres hjerte. For også de er syndere.

Vi kan ikke se sant eller dømme rett når du og jeg går rundt med en takkonstruksjon i øyet. Det er flere som har skrevet sine sitater om dette, slik som en jødisk lovlærer. Han sier: «Døm aldri din neste før du selv er kommet opp i hans omstendigheter.» Eller som det heter i en indiansk bønn; «Hjelp meg til å aldri dømme et annet menneske før jeg har gått to uker i hans mokasiner!»

Så hvordan kan jeg få et sannere syn på meg selv og på andre? Jesus sier vi må begynne med oss selv. De færreste av oss tar lett på vårt eget selvilde. Vi er så nær oss selv, og det er mye som står på spill når vi skal danne oss et bilde av oss selv. Fristelsen til



Anette-Emilie
Gangstø

å retusjere og manipulere bildet er overhengende for oss alle. Vi gjør oss selv bedre eller vi gjør oss selv verre - alt ettersom. Det som gjør det aller vanskeligst å se seg selv sant, er frykten for å bli forkastet. Hvis jeg bare visste at jeg ble tatt imot i uretusjert utgave, kunne jeg kanskje ta sjansen på sannheten.

Hvordan får vi dette til? Den eneste muligheten til å tåle et sant syn på

meg selv, er at jeg samtidig kan få et nådig syn på meg selv. Og hvor finner vi denne nåden? Jesus ser med både sannhet og barmhjertighet. Derfor er det Jesus som gir oss mot til å søke sannheten om oss selv. Derfor er det Jesus holder hodet vårt fast med kjærlig hånd, mens vi prøver å fjerne bjelken som hindrer vårt syn. For i nåden kan vi muligens tåle sannheten, da står ikke alt på spill når vårt eget selv bilde

skal tegnes. Først etter dette er det kanskje mulig å danne seg et sant og nådig bilde av andre. Behovet for å dømme andre kommer alltid fra behovet for å renske seg selv. Når vi presser noen dypere ned i vannet, flyter vi selv høyere. Men det trenger vi ikke. Omsluttet av nåden flyter vi høyt nok. Det er nåden som bærer oss.

Foto-konkurransen til Fusa-kalenderen si 40-års-jubileumsutgåve i 2026!

I 1986 såg Fusa-kalenderen dagens lys, og sidan har soknerådet produsert denne etterspurde kalenderen årleg til inntekt for barne- og ungdomsarbeidet i soknet. Det har vore mange flotte bilete frå Fusa-bygdene som har pryda kalenderen gjennom alle desse åra. Kanskje er det ditt bilete som får pryda jubileumsutgåva og med det veggane i hundrevis av heimar i året som kjem?

Temaet for 2026 er «Kvelds-stemning i Fusa». Motivet må passa til temaet, det må vera teke i Fusa-bygdene (Fusa sokn), og bilderetninga bør vera liggande.

Send bidrag til post.fusa@kyrkja.no **innan 1. oktober**. Vinnaren får biletet sitt på kalenderen samt 3000,- kr. i premie.



Os Mannskor Foto: Os Mannskor si Facebookside

Korkonsert i Hålandsdal kyrkje

I ÅR FYLLER OS MANNSKOR 100 ÅR!

Søndag 19. oktober

kl. 18:00 vert ein av

jubileumskonsertane deira arrangert i Hålandsdal kyrkje. Også kor frå Fusa-sida medverkar.

Følg med i lokalavis og på Facebook.

Bispevisitas i Bjørnafjorden

Biskop Ragnhild
Jepsen. Foto Bjørgvin
bispedømekontor



I november kjem biskop i Bjørgvin Ragnhild Jepsen på visitas til Bjørnafjorden. Ho skal besøka begge sokna i kommunen 11-13. november, med visitasgudsteneste i Os kyrkje søndag 23. november.

Tekst: Hans Einar Markhus

Sist vi hadde bispevisitas i Fusa var i 2012, og i Os var det i 2010. Det har vore ein del endringar i Fusa sidan den tid, så det skal bli spennande å ønskja biskop Ragnhild velkommen til Fusa og Bjørnafjorden.

Kva er så ein bispevisitas?

Enkelt sagt er det at biskopen kjem på besøk for å sjå og bli kjend med tilhøvet i soknet. Programmet vil vera samtalar med stab og råd, møte med kommunen, og ikkje minst møte med folk i sokna. Programnemda for visitasen (sokneprestane, soknerådsleiarane og dei daglege leiarane) har valt «oppvekst» som tema. I Fusa vil ein ha særleg barne- og familiearbeid i fokus, medan Os kjem til å fokusera på ungdomsarbeid. Det blir i hovudsak éin vitjingsdag i kvart sokn, og Fusa-dagen er tysdag 11. november. Her vil biskop Ragnhild m.a. få med seg «Minglemiddag» på Eikelandssosen bedehus og kveldsbøn i Fusa kyrkje. Sjå lysingar i Os & Fusaposten, facebook m.m. om detaljert program når visitasen nærmar seg.

Visitasgudstenesta blir 23. november i Os kyrkje (NB: ei veke etter visitasen), og vil vera fellesgudsteneste for Os og Fusa denne søndagen. Etter gudstenesta vil biskopen ha visitasføredrag, før det blir stor kyrkjekaffi i Storsalen i Tunet.

Altså: **Opne samlingar på Fusa-dagen av visitasen tysdag 11. november** er

- Kl. 16.00: Minglemiddag i Eikelandssosen bedehus
- Kveldstid (tidspunkt kjem): Kveldsbøn m/ kor og musikk i Fusa kyrkje

Velkommen!



Fusa kyrkje. Foto: Fusa sokn



Tunet kyrkje- og kultursenter Foto: Den norske kyrkja



Eikelandssosen bedehus. Foto: Fusa sokn



Os kyrkje Foto Os sokn.

Minglemiddag

Treffpunkt for liten og stor. Tilrettelagt også for småbarnsfamilier.
Enkel middag til lavpris.
Uformell møteplass.
Velkommen!



Priser:

Barn	20Kr
Voksen	50Kr
Familie	100Kr

Stad: Eikelandssosen bedehus
Klokkeslett: 16.00-17.00

Onsdag 10. September
(Taco)

Onsdag 22. Oktober
(Spagetti, kjøttsaus og grønnsaker)

Tirsdag 11. November
(Mexikansk gryterett m. salat)
Denne dagen kjem også
Biskopen til minglemiddag.



Påmelding til: Hildegunn Myrlid Eide seinast mandag før minglemiddag.
Tlf. 97650155 (Meld frå om allergier ved påmelding)
Arr: Fusa sokn i samarbeid med Eikelandssosen bedehus



Norunn sitt mangfoldige virke i Fusa sokn

Alle foto: Fusa sokn



Etter nitten og eit halvt år i profesjonell teneste i Fusa sokn takkar Norunn Rød Markhus no for seg. Januar 2006 begynte ho i ei trusopplæringsstilling, og i løpet av dei neste to tiåra hadde ho ei rekkje ulike roller og utførde eit vidt spenn av oppgåver. Ein heil generasjon unge fusingar er blitt kjent med kyrkja og Gud gjennom henne. Kyrkjebladet har bede Norunn sjølv og somme av dei ho har arbeidd næraste med, om tilbakeblikk på denne tida.

Norunn sitt profesjonelle virke i Fusa sokn

Norunn Rød Markhus har arbeidd i Fusa sokn sidan 01.01.2006. Då starta ho som ungdomsarbeidar, men gjekk ganske fort over i stillinga som kyrkje-lydspedagog. Den stillinga har ho hatt fram til no, berre avbroten av ei tid som lærar i Kenya. Dei siste tre åra har ho hatt redusert stilling då ho har vore prestevikar i Odda og Tyssedal. Frå og med august 2025 startar ho i stillinga som prest under utdanning (PUU) i Øystese og Ålvik sokn i Kvam.

I åra Norunn har vore tilsett i Fusa sokn, har ho hatt hovudansvaret for soknet si trusopplæring og for alt kontinuerleg barne- og familiearbeid. Det har vore eit breitt arbeid: Musikk frå livets begynnelse, dåpsskule, MAF-dag, Misjonstivoli, Familiemix, Bok & Bolle, 4-års samling, Tårn-agent, Lys Våken, Familiegudstenester, Konfirmantleir, Konfirmantundervisning, Fadderfest, Fjord'n barnekor, Songbuketten, Fusa Soul Children, Sjekk Kyrkja, Julevandring, Pinsevandring, Påskevandring, Barnehagebesøk, Skulebesøk, Bibelsporet, Dåpspermen, Narnia-kveld, Bibelundervisning, Alpha og mykje anna.



Bok og Bolle på Biblioteket.



Barnas bønnekrukke.



Tårnagentdag i Hålandsdalen 2022.

Den 11. august 2005, ein vakker solskinsdag, sit eg på moltemyra i Engerdal kommune og ser ut over Femunden. Kvilte etter å ha plukka nokre kilo molter. Då ringjer telefonen. Det er Norunn. Då hadde vi vore spente ei tid på om ho ville ta imot trusopplæringsstillinga ho hadde søkt på og fått tilbod om. Og svaret eg fekk i denne telefonsamtalen overgjekk alt av det eg såg på moltemyra – Norunn sa JA!

I nesten 20 år har Norunn hatt viktige arbeidsoppgåver i kyrkjelyden – i all hovudsak retta mot

Eg var sokneprest i Fusa då Norunn og familien flytta tilbake til bygda og ho tok til som kyrkjelydspedagog. Dette fall saman med at Fusa vart utpeika til forsøks-kyrkjelyd for trusopplærings-reforma. Slik fekk vi både pengar og ei tilskunding til å setje i gang med ei rad nye trusopplærings-tiltak. Dette gjekk Norunn inn i med stor entusiasme, kraft og kompetanse. Slik fekk vi ei blomstringstid for trusopplæringa og for barne- og ungdomsarbeidet i det heile. For meg var det berre å "henge på", som når vi laga "Dåpsperm for Fusa" eller utvikla Familiemiks som gudstenesteform og storsamling for alle generasjonar. Dette tek til å bli mange år sidan, men Norunn har halde oppe trykket heile vegen, på imponerende vis. Så er det både godt og meningsfullt at det er nett Norunn som tek over den tenesta eg har stått i dei seinare åra, når ho no vert prest under utdanning i Kvam. Signe tenesta!

Roar Strømme, tidlegare sokneprest i Fusa, no vikarprest i Kvam



Pinsevandring i Fusa.



Dåpsskule for 6-åringar.



Utdeling av 4-års bibel.



Musikk for alle sansar - Musikk frå livets begynnelse



Norunn på kontoret.

barn og ungdom. Ho har gitt ein generasjon innsikt og tilbod om opplæring i det som er viktigast for mange – å lære om den kristne trua og det Jesus har gjort for oss. Norunn har fått følgje små barn frå dei deltok på «Musikk frå livets begynnelse» fram til dei har blitt ungdom og no vaksne. Men det er ikkje berre blant born ho har virka. Ho har møtt alle generasjonar i ulike samanhengar – m.a. gjennom det diakonale arbeidet og gudstenester. I tillegg har ho og familien vore synlege og deltakande på mange andre område i lokalsamfunnet. Norunn har vore levande engasjert i det å formidle kunnskap og

tru og har utstråla glede i det å dele den glade budskapet med små og store.

Eg ser tilbake på sommardagen i august 2005 med glede, og har gjennom alle desse åra og fram til no fått stadfesta at ho var rett person på rett stad. Takk for at du sa JA, Norunn! Takk for at du så trufast har tent Gud og kyrkjelyden i desse åra. Lukke til vidare og Guds Signing i den tenesta du no går inn i.

Harald Geir Sæther, tidlegare kyrkjevevjer i Fusa sokn



Norunn er oppriktig opptatt av at alle barn, unge og eldre skal bli kjent med Jesus. Hun har jobbet tidlig og seint, kommet på nye ideer, møtt enormt mange mennesker. Sett hver enkelt, hørt, trøstet og brydd seg. Vist oss med ord og handlinger Jesus.

Camilla Aarseth, ein av leiarane i Fjord'n barnekor



Barnekoret i konsert med Garness 2010



Barnas påskefest 2023.



Advent-familiemix 2023.

Då eg kom til Fusa som sokneprest for 10 år sidan, skjønte eg fort at Norunn var ei som hadde oversikt og eit ord med i laget på det meste av det som skjedde i kyrkjelyden. Vi fann fort den gode tonen og har hatt eit mykje godt samarbeid gjennom mi tid som prest. Norunn såg ikkje på arbeidet i kyrkja som ein jobb, men meir som ein livsstil. Det er som med bonden – du må vere der når kua kalvar.

Eg har hatt stor nytte av å ha Norunn som medarbeidar. Hennar kjennskap til folket i Fusa og kunnskap om det ho held på med, er beundringsverdig. Vi er litt like i måten å tenke kyrkje på, og vi ga kvarandre god plass til å utfolde oss saman. Det var ei sann glede å jobbe saman med Norunn.

Einar Ekerhovd, tidlegare sokneprest i Fusa



Vandring gjennom bibelen.



Fusa soul Children på familiemix 2023.

I 2008 tok Norunn over barnekoret Songbuketten etter Irene Nordtveit som hadde drive gitarkurs og barnekor på Nordtveit sidan 1975, i storparten av tida saman med Mildrid Aarvik. Songbuketten heldt hus på Nordtveit bedehus, og eg var Norunns medarbeidar heile vegen fram til siste samling våren 2024. Det har vore veldig kjekt.

Norunn er veldig engasjert idet ho gjer. Ho er livleg, spontan, ser den enkelte i barneflokk, og har lett for å få alle med seg i songane og forteljingane. Dei har fått høyre mange bibelhistorier, ofte med figurar på flanellografen. Når dei same personane eller forteljingane kjem igjen seinare ein gong, kjenner ungane dei igjen. Det hende jo at ungane vart urolege eller tulla, men då greidde Norunn å flette det inn i historia ho heldt på med, eller ho sa at no var det visst på tide med ein springesong, og så vart det eit avbrekk frå lesestunda. Nokre øvingar har det vore ekstra mykje aktivitet i, for eksempel når me bakte peparkaker i adventstida.

Også overfor oss som samarbeider med ho, er Norunn veldig oppmerksam. Ho ser kva folk er gode til, og lar oss bidra med det me trivest med. På den måten utfyller me kvarandre.

Songbuketten har opptredd ulike stader gjennom åra, oftast i Sundvor kyrkje på palmesøndag, men me har også sunge på julegrantenninga på Joker-butikken på Baldersheim, og éi av juleavslutningane våre hadde me på Helsetunet

på Baldersheim. Elles var det vanleg dei siste åra å invitere barna sine familiar og bedehuset sine naboar til den siste korøvinga vår før sommar og jul. Desse samlingane var veldig populære og blei satt stor pris på av dei som kom.



Kvar Songbukett vart avslutta med ei frukt- og pratestund, og aller sist songen *Må Gud velsigna deg*. Det sette heile Songbuketten med all den aktiviteten som me hadde der, inn i ei fin og fast ramme, synest eg.

Bente Sundfjord, medarbeidar i Songbuketten



Songbuketten på Nordtveit mai 2011.



Norunn med skuleklassar i Holdhus kyrkje våren 2022.

Norunn er eit fint menneske med mykje omtanke for andre.



Sjølv om ho har det travelt, minner ho oss i bygda på at ho er med når noko skal skje. «Ikkje gløym meg,» seier ho til oss. «Eg òg skal vera med og hjelpe til på forskjellige dugnadsaktivitetar.» I mange år har ho også deltatt i julekonsertar og gjeve oss gode ord om jula. Alltid er ho positiv og smilande.

Harald Bjørndal

Norunns takk til fusingane

Til fusingar store og fusingar små,
ein takk ifrå meg de så visst skal få,
for tenesta mi har sin ende no, gitt
det er ikkje fritt for at eg må mimre litt:

Takk for all tillit i sorg og i glede,
takk for alle samlingar eg har fått lede
stor takk til kora med songfuglar små
takk for kvar samtale med dykk som er "grå."

Tenesta her har velsigna meg stort
men eg har også meg i hovudet klort
for oppgåvene har kanskje vore for store for meg
tilgi meg visst eg har såra deg!

Eg ynskjer dykk alle ein haust som er god
med sol og med regn, med travelheit og ro.
Eg ynskjer dykk alle eit liv som er godt;
hugs å telle alle velsigningane du har fått.

Så bur eg her enno og kyrkja er mi,
tida i benken er derfor ikkje forbi.
Håpar på då at me kan veksle nokre ord,
for meg vil de alltid vere søster og bror.

Igjen, eit stort takk ifrå meg de skal få,
med gode minner eg frå jobben kan gå.

Og vit at de no er i dei beste hender,
ei bøn om Guds fred eg på tampen dykk sender.

Helsing Norunn



Barnas påskefest 2022.



Julevandring i Hålandsdalen.



Gudstenesteleing.

**Fusa sokn takkar Norunn for hennar
unike og vidfamnande arbeid gjennom
mange år, og ynskjer henne alt godt i
Kvam!**

Treng du nokon å snakke med?

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.



22 40 00 40
soschat.no

KIRKENS
SOS


Hot Club de Norvège og Majken Christiansen

Nattkonsert i Hålandsdalen kyrkje
laurdag 25.10. kl.22.00

Bli med på swingeventyr med legendariske Hot Club de Norvège og den fantastiske vokalistene Majken Christiansen! Majken, Nordens ubestridte Ella Fitzgerald-spesialist, er ikke bare en sangerinne – hun er en historieforteller og entertainer som bringer sin unike varme og energi til hver forestilling. På Djangofestivalen 2024 var Christiansen gjest hos Hot Club de Norvège for første gang, på den berømte «Cosmopolite». Siden har de spilt over 40 konserter sammen i hele landet.

Dette blir ikke bare en jazzkonsert – det blir et møte mellom flere fasetter swingjazz: Majkens groove og vokale eksentriteter, de virtuose gitarene til *Gildas Le Pape* og *Ola Erlien*, sammen med *Finn Hauges* lyriske toner på munnspill og *Svein Aarbostads* solide basstoner.

Ikke gå glipp av den unike muligheten til å få med deg det beste som swingjazz har å by på i løpet av én og samme senkveld!



Billettpris: kr 350,-

Kjøp billett ved døren eller gjennom forhåndssalg hos **Olaug Bjørndal**, tlf. **482 61 757**.

Ring eller send melding, og betal med Vipps.

Arr.: Bygdeutvalet i Hålandsdalen og Fusa sokn

Temasamling: «Sorg»

Dato: Mandag 29. september Kl. 19.00

Stad: Fjorden arena

Innlegg ved familieterapeut Mirjam Østevold

Mirjam Østevold jobbar ved Vardesenteret (Haukeland sjukehus). Dette er eit ressursenter for kreftpasientar og andre som lever med langvarig/alvorlig sjukdom og deira pårørande. Velkommen er du!

Arr: Diakoniutvalet i Fusa sokn og Fusa frivilligsentral.

Medarrangørar: Fusa Lions, Fusa sanitetsforening og Eikelandsfjorden sanitetslag

Det vert også høve til sorggrupper i haust.

3 samlingar (13. oktober, 10. november og 1. desember)

Påmelding til Bodil Samnøy (Tlf: 916 93 226) eller

Hildegunn Myrli Eide (Tlf: 976 50 155)





Barnas

LABYRINT

Kan du hjelpe guten gjennom labyrinten slik at han kan gi fiskane og brøda sine til Jesus?




Vits

- Veit du kor mykje klokka er?
- Ho er i alle fall ikkje fire.
- Korleis veit du det?
- Jo, for eg skulle vere heime klokka fire, og det er eg jo ikkje.

Teikningar: CLAUDIA CHIARAVAILOTTI

FARGELEGG


Her gir nokon barn to fiskar og fem brød til Jesus. Jesus brukte det til å gi mat til 5000!



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på **sondagsskolen.no** eller **22 08 71 00**



Vits

Mannen tok på seg reine sokkar kvar dag. Til slutt fekk han ikkje på seg skoa ...

KRYSSORD

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å komme fram til løysingsordet.

Du finn Bibelen på internett også! Sjø bibel.no



Bygning i Lukas 2,46

1.

Disippel i Johannes 20,26

2.

Bær i Matteus 7,16

3.

4.

Tal i Matteus 26,15

Landområde i Markus 16,7

5.





Såpebobler høyrer med i babysongen. Foto: Fusa sokn

Babysong hausten 2025

Song, musikk, regler og dans for barn i alderen 0-2 år med foreldre!

Måndagar kl. 10.00-11.30 i Eikelandssosen bedehus.
Me avsluttar kvar samling med kaffi og matpakke.
Første samling vert måndag **22. september**.

Påmelding til Hildegunn Myrli Eide,
tlf. 97650155

Velkomen!

KLUBBEN



Velkommen til Tweens Klubben!

For dei frå 5. klassa og oppover!

Stad: Eikelandssosen bedehus

Dag: Fredagar

Tid: Kl. 18:00 – 20:00

Mange ulike aktivitetar og spel, andakt, kiosk og pizza.

Hjarteleg velkommen til sosiale og gøye kveldar!!

Datoar: 15.august, 19.september, 3.oktober, 31.oktober, 14.november, 28.november, 12.desember: Tweens spesial!



Arr. Fusa kyrkjelyd. Ta kontakt med Gry Mjelde om du lurar på noko: 934 96 226.

Utdeling av 4-årsbok i haust!

Alle dei som er døypte og er 4 år i 2025, vert invitert til gudsteneste i desse kyrkjene:

21. september Kl. 11.00
Hålandsdalen kyrkje

21. september Kl. 16.30
Strandvik kyrkje

28. september Kl. 11.00
Fusa kyrkje

28. september Kl. 16.30
Sundvor kyrkje

Same dag vert det også presentasjon av konfirmantane 2026. **Velkommen!**



Her er 4-åringane som fekk boka i Hålandsdalen kyrkje i fjor.
Foto: Fusa sokn

Det nytter å hjelpe!

Mykje nytt frå arbeidet med brannskadde barn i Etiopia

Tekst: Harald G. Sæther. Foto: CBWCF

Her kjem ei oppdatering av arbeidet som Children's Burn & Wound Care Foundation (CBWCF) gjer i Etiopia. Sidan 2013 har det i Fusadelen av kommunen vore stort engasjement for å hjelpe brannskadde barn og unge der. Det er lokalt hos oss samla inn midlar som har gitt mange barn ein ny start i livet – barn som har vore isolerte frå samfunnet pga. brannskader – er blitt opererte – og etterpå fått starta i skule og tatt utdanning. No skjer det store ting på området, og her er litt av det som skjer. Vi har hatt ein samtale med styreleiar i CBWCF, Hans Petter Schjelderup.

Arba Minch – oppretting av ei brannskadeavdeling

Hans Petter fortel at denne byen ligg om lag to dagsreiser med bil

Byggjearbeid i Arba Minch - etablering av brannskadeavdeling.



frå Addis Abeba. Sjukehuset dekker eit område på cirka sju millionar menneske, og dette er det einaste tilbodet til brannskadde der. Han fortel vidare: «Det vert ein fullverdig plastikkirurgisk avdeling. Vi bygger samstundes ei operasjonsstove for leppe/gane, for barn som er fødd med

open gane. Det vert ca. 20 senger på avdelinga og to operasjonsstover med intensiv og oppvakning. Bygget er venta å vere klart for bruk i september månad. Dette bidreg til at fleire born og unge vil få hjelp i eit nytt område av Etiopia.» Bileta er teke undervegs i utbygginga.



7 år gamle Anchialem er eitt av mange brannskadde barn som har fått ein ny start i livet etter operasjon - takka vere gåver frå Fusa.



Zodito hospital i Addis Abeba

For første gong får ein rusta opp ei eiga brannskadeavdeling på eit offentleg sjukehus i Etiopia. Hans Petter er engasjert då han fortel dette: «No kan vi leggje til rette for at det etiopiske folket kan få eit smykke av ei avdeling - dette har vi drøymt om i mange år – og no er det mogleg! Vi har fått tilgang til heile 2. etasje. Det er starta innsamling av utstyr i Noreg som skal til Zodito-hospitalet. Hammerfest sykehus har gitt oss mykje utstyr. Vi vil få ei fullverdig avdeling på Zodito. Dette vert eit satsingsområde i tida som kjem».

Etiopisk helsepersonell

Gjennom fleire år har vi i Fusa også samla inn midlar til stipend m.m. for å rekruttere legar, sjukepleiarar og anna helsepersonell til å ta utdanning. Det har vore eit mål at etiopiarane sjølve skal kunne utføre alle delar av operasjonar, stell og vidare behandling av brannskadde. Her har ein kome langt, og no vert det aller meste drive av etiopiarane sjølve. Einar Eriksen er no pensjonist, men følgjer framleis opp med m.a. opplæring. CBWCF held fram med sitt arbeid, og det er viktig at vi framleis støtter alle delar av prosjektet vidare. Arbeidet med rekrutteringa har vore veldig

vellukka, slik det ser ut i dag. På biletet kan ein sjå Einar Eriksen som opererer og underviser. Som Hans Petter seier «Aldri ein operasjon utan grundig opplæring».

Pasienthistorie

Hans Petter legg ved ei pasient-historie og fortel:

«Takk til alle enkeltpersonar, skular, lag/organisasjonar og verksemder, Bruktbuo, Fusa Frivilligsentral, Fusa sokneråd og andre som har bidrege til at vi har kunna operere så mange brannskadde barn. Eg trekker her fram ei av mange pasienthistorier der ein har fått pengegåver frå Fusa. I byrjinga av 2025 fekk CBWCF kr.10.000,- frå kaffikassa på Framo Fusa. Desse midlane vart nytta til å operere 7 år gamle Anchialem. Eit og eit halvt år gamal fekk ho ein flammeforbrenningsskade. Familien hadde tent bål i peisen i deira landlege hus før frukost. Vesle Anchialem fall inn i den opne peisen og vart alvorleg forbrent over midja og nakken. Ho vart sendt frå eitt sjukehus til eit anna. Ho fekk minimalt med hjelp pga. den omfattande skaden. Etter fleire år kom ho til Addis og etter kvart til vår avdeling. Faren følgde jenta. Det var fire dagars reise frå der dei bur i byen Gojam i nordvest Etiopia

til Addis. Etter fleire operasjonar, transplantasjonar, halskrage og rett kosthald – utført av våre legar og sjukepleiarar er Anchialem no ei frisk og sterk jente - er utskrive frå sjukehuset og m.a. klar for skulestart. Dette er ei jente som har fått ein heilt ny start i livet!»



Frå ein av operasjonane.

Støtte til brannskadde barn i etiopia!

Ynskjer du å støtte arbeidet med å hjelpe brannskadde barn i Etiopia, kan du vippse gåve til Fusa sokn (**vippsnr. 90436**) – kategori Brannsk.barn i Etiopia. Du kan også overføre per bank til Fusa sokn – **bankkonto 3530.25.86215**. Merk (brannskadde barn i Etiopia).

Fast gjevar?

CBWCF arbeider for tida aktivt med å rekruttere fleire faste gjevarar. Dette er sikre og stabile inntekter. Ein del i Fusa er blitt faste gjevarar og det gler vi oss over! Det er plass til enno fleire. **Kan du tenkje deg å bli fast gjevar?** For meir informasjon, ta kontakt med lokalkontakt i Fusa sokn, **Harald Geir Sæther, tlf. 41662090**. Du kan også ta direkte kontakt med **Children's Burn & Wound Care Foundation, Klubbåsveien 32, 9411 HARSTAD**. Alle gåver på minimum kr 500 gir rett til skattefrådrag.

Zodito hospital i Addis Abeba. Heile 2. etasje har CBWCF fått til disposisjon. Den vert no rusta opp til brannskadeavdeling.



Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

L. HJERTNES AS



Hjartnes 30 - 5646 Nordtveitgrend

Tlf.: 96 92 46 50

post@lhjertnes.no

www.lhjertnes.no



P. H. Haugen

Landhandel - Sævereid

tlf. 56583110

e-post:

narbutikken.severeid@narbutikken.no



Spesialist på trekonstruksjoner
Limtre - beslag - takstoler - takverk

post@vlimtre.no

www.vlimtre.no

**Fusa
Ferdigbetong as**

5640 Eikelandssøsen

Betongpumping - ferdigbetong

sand - singel - grus

transport - maskinarbeid

betongprodukter m.m.

Tlf. 56 58 13 10

Mobil 913 65 482 / 951 87 421

E-post: post@fusabetong.no

ah MALERMESTER
ALF HJELLE & SØNN AS



Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

**FARGERIKE
HJELLE**

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00

Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. 56 58 15 25 eller 915 46 880

E-post: firmapost@alfhjelle.no

SPAR



Fusa

Man-fre 07-21

Lørdag 09-20

Tlf. 56582133

spar.fusa@spar.no

**Velkommen til hyggelig
handel hos Spar Fusa!**

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

Tlf 5658 1386 - FAX 5658 1656 - MOB 9054 4766
BERGE ELEKTRONIKK

Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**



**FUSA AUTO A/S
BILVERKSTAD**



Fusa Auto AS

Opsalneset 20, 5641 Fusa

Tlf. 56 58 22 86

Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



www.meca.no

MCA

STRANDVIK
Transport og Maskin AS

☎ 5643 STRANDVIK ☐ strandvik.no ☎ dulten@online.no
☎ 56 58 21 11 ☐ 918 44 000 ☐ 900 12 126 ☐ 918 18 592

Trykksaker, profilering,
firmagaver, skilt,
messer og mye mer.

kai-hansen.no



KAI HANSEN

BYGGADMINISTRASJON
Harald Bjørndal a.s

PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSTUTVIKLING - OPPLÆRING

Tlf. kontor: 56 58 11 30

Tlf. privat: 56 58 51 19

Telefax: 56 58 11 99

Mobil: 970 63 526

E-mail: post@byggadmin.no

Postboks 103
5649 EIKELANDSØSEN

BUNNPRIS

Eikelandssosen

Man - fredag **8-21**

Laurdag **9-20**

Tlf. 56581245

bpeikelandssosen@bunnpris.no



Tombre

www.tombre.no

REISENE BESTILLER
VI HOS:

TRAVELNET

OS REISEBYRÅ AS

2. etg. Flåten Amfi - kitoravdelingen

Tlf.: 56 30 43 00

e-post: os@travelnet.no

www.verden.no

Følg oss på Facebook

SPAR

Eikelandssosen

Opningstid **8-21**

Laurdagar **9-20**

Tlf. 56 58 00 90

SparebankenVest
avd. Fusa

Tlf. 915 05555

Din lokale bank med
forsikring, lån,
sparing og plassering.

VI ER HER

www.spv.no



Tønnegarden

HANDVERKTRADISJONAR
FRÅ BJØRNAFJORDEN

Samnøyvegen 60 - 5642 Holmefjord - Tlf. 91 99 30 40
post@tonnegarden.no - www.tonnegarden.no

PÅ TØNNEGARDEN KAN DU:

- sjå handverkarar i arbeid
- oppleve kultur og historiefremming på nært hald
- bestille selskapslokale, kurs og møtelokale

Følg oss på facebook og instagram.

Fusa og Samnanger
GRAVFERDSBYRÅ
OMSORG VED LIVETS SLUTT
DØGNÅPEN TELEFON
56 58 15 09
SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO
BESTILL BLOMSTER FRAKTFRI TIL VÅRE SEREMONIER
VIA MINNESIDENE, PÅ HILDESBLØMSTER.NO
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05

Hordaland A/s
Rørteknikk

56 58 09 90 hordalandrorteknikk.no

post@hrt.as Holsundvegen 285
5642 Holmefjord

Din VVS, VA, Vannkraft og Havbruk
leverandør.

Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget.

Besøk vår heimeside
www.fusa-kraftlag.no

Din lokale kraftleverandør

Strøyma

Fusa kraftlag

5640 EIKELANDSOSSEN
Tlf. 56 58 00 20

Malerfirma
Kenneth Samnøen
5640 Eikelandssosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering

Tlf. 90 80 15 38

HERBALIFE
ERNÆRING
Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:

- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppspleie
- inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI !
Spør etter gratis prøvepakke,
uten forpliktelser.

Ring: 458 15 890
Kjell Arne Gangstø
E-post: famgang@fusi.no

DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no

Sentralgodkjent rørleggerfirma

Frå Kyrkjebøkene



Dåp

HÅLANDSDAL KYRKJE

15.06.2025 Eline Markhus
15.06.2025 Mariell Rykkje
15.06.2025 Odin Røseth Sværen
15.06.2025 Falk Røseth Sværen
24.08.2025 Hennie Fosse Røberg

FUSA KYRKJE

08.06.2025 Sofia Kleiven Berge
08.06.2025 Liam Mjånes Boge
08.06.2025 Magnus Nerhovde Nordtveit
20.07.2025 Helene Rosvold Bortne
10.08.2025 Sverre Haveland Leirvåg
07.09.2025 Elias Lygre

STRANDVIK KYRKJE

03.08.2025 Audun Skjelbreid

SÆVAREID KAPELL

31.08.2025 Mina Rolland



Gravferd

STRANDVIK KYRKJE

11.07.2025 Helga Vindenes, f. 19.09.1926
18.07.2025 Elisabeth Dale Dalland, f. 16.10.1961

SUNDVOR KYRKJE

03.07.2025 Magnar Nordtveit, f. 23.11.1936
16.07.2025 Ingeborg Dalheim, f. 27.11.1937
16.07.2025 Ingrid Marie Dalheim, f. 21.01.1936
22.07.2025 Sigfrid Audbjørg Austefjord, f. 05.09.1932

SÆVAREID KAPELL

27.05.2025 Annhild Mjånes, f. 20.04.1929

HÅLANDSDAL KYRKJE

30.05.2025 Rune Myrlid, f. 18.10.1963
19.06.2025 Øystein Bakke, f. 24.06.1961
15.08.2025 Oddrun Skjelbreid, f. 20.03.1948

FUSA KYRKJE

22.08.2025 Vigdis Nordås, f. 07.12.1946
02.09.2025 Britt Eva Hoff, f. 04.06.1954



Vigde

HÅLANDSDAL KYRKJE

07.06.2025 Frida Bull Haugsøen og Eivind Dragsjø
14.06.2025 Hanna Enerhaug og Gunnar A. Walaas
12.07.2025 Susanne Svellingen og Tim Bjørheim
19.07.2025 Solveig Rosvoll og Åsmund Berge
02.08.2025 Gabriela Hartleb og Erik Haatuft
16.08.2025 Nora Grønsdal og Markus Andreas Aadland
23.08.2025 Oline Markhus og Bennet Seick

STRANDVIK KYRKJE

05.07.2025 Hildegunn Midtrød og Anders K. Hanstveit



Konfirmerte

SUNDVOR KYRKJE

27.07.2025 Mikael Olai Abotnes Nymoene



Os Gravferdsbyrå as

Døgntelefon
56 57 49 50
Jorunn Moberg
Agnethe Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønsker å gjera noko sjøve. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

www.osgravferdsbyraa.no

Gravminne

Treng De hjelp til oppretting, sikring, reingjering og fornying av skrift på gravminne samt planting?

Me tilbyr også sal av nye gravminne med tilbehør (Eiker naturstein)

Har lang erfaring og gjer førehandspris
Ring 406 11 817
Leivmagnar.fosse@gmail.com



L.M Fosse

Prosjektering
Rehabilitering
Nybygg

TA KONTAKT MED

BYGGMESTER



SVENN C. STORUM

 **951 56 327** storum@fusi.no

Gudstenester i Fusa sokn

14. september – 21. desember 2025

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Anledning for dåp
14.09.	12:00	Eikelandsosen	Konfirmantleir-avsl. Fam.mix	Nei
21.09.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Ja
21.09.	16:30	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Ja
28.09.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Ja
28.09.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Ja
05.10.	11:00	Sævareid kapell	Gudsteneste	Ja
12.10.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Nei
19.10.	11:00	Eikel.osen bedehus	Familiemix	Ja
26.10.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Ja
02.11.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Ja
02.11.	19:00	Fusa kyrkje	Minnegudsteneste	Nei
09.11.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Ja
11.11.	Kveld	Fusa kyrkje	Kveldsbøn i samb. m/bispevisitas	Nei
16.11.	11:00	Strandvik kyrkje	Lekmannsgudsteneste	Nei
16.11.	16:30	Sævareid kapell	Lekmannsgudsteneste	Nei
23.11.	11:00	Os kyrkje	v/biskopen, fellesgudst. for Os/Fusa	Nei
30.11.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Ja
07.12.	11:00	Eikel.osen bedehus	Familiemix	Ja
14.12.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Ja
21.12.	16:30	Fusa kyrkje	Nine lessons and carols	Nei

OPEN KYRKJE

Strandvik kyrkje er
open kvar tredje tysdag i
månaden frå **kl. 19:00–
20:00**. Her kan du setje
deg ned, tenne lys, eller
berre lytte til musikk. Det
er open kyrkje
**16. september,
21. oktober
18. november.**

Informasjon

Avsendar:
Fusa kyrkjeblad
Postboks 73
5649 Eikelandsosen

S
i
d
a
n
s
i
s
t



Søndag 15. juni hadde Bergen Domkor under leiing av domkantor Kjetil Almenning ein på alle måtar vellykka konsert i Strandvik kyrkje. I underkant av 150 personar fylte benkeradene og gav Kr. 10.165,- i kollekt til «Children's Burn & Wound Care Foundation». Foto: Iman de Zwarte



Detalj av orgel i Hvaler kirke. Foto: Den norske kyrkja



Forheng på preikestolen i Fusa kyrkje
Foto: Fusa sokn

Har du lyst til å syngja i kor?

Kyrkjekoret starta opp att med øvingane sine torsdag 4. september kl. 19.50 (!) på galleriet i Fusa kyrkje, og det er ikkje for seint å bli med også etter den datoen. Øvingane er kvar veke og varar om lag ein time. Kyrkjekoret består av 4 songglade damer og har plass til fleire.

Om du heller vil syngja i eit blandakor, er kanskje «Sine Nomine» noko for deg? Koret medverkar på enkelte gudstenester i soknet, men er elles eit frittstående kor. Frå 4. september har dei øving kvar torsdag kl. 18:30 – 19:45 i kyrkjelydssalen i Fusa kyrkje. Kantor Iman de Zwarte leiar begge kora.